

STRATEGIPROSESS – INNSPEL FRÅ ARBEIDSGRUPPE 2

FORMIDLING OG SAMFUNNSKONTAKT – 22.12.2016

«Folk er seg gjerne bevisst hva de gjør og de vet ofte også hvorfor de gjør det de gjør.

Derimot vet de ikke hva det som de gjør, avstedkommer»

Michael Foucault

UTFORDRING GITT TIL GRUPPA:

Norge står overfor utfordringer og endringer på en rekke områder. Disse er knyttet til klimautfordringer, endrede økonomiske forutsetninger, demografisk endring, migrasjon/et nytt Europa, endring av verdsett, teknologiutvikling, o.a. Dette vil kunne få effekter for betingelsene for høyere kunstutdanning, for "arbeidsmarkedet" for kunstnere, for fagfelt o.a.

- Hvilken type utdanning skal Kunsthøgskolen i Oslo tilby i årene som kommer?
- Hva skal prege forskningen?
- Hvordan skal Kunsthøgskolen i Oslo være deltakende i offentligheten?
- Hva bør være den overordnede strategiske visjonen til KHiO frem mot 2025?

Hvilke strategiske målsettinger skal KHiO ha innen området formidling og samfunnskontakt?

Arbeidsgruppa; Theodor Barth (design), Rike Frank (akademiet), Christian Vinje (tillitsvald), Kai Johnsen (teater), Tore Vagn Lid (teater), Snelle Hall (ballett), Jeannette Christensen (akademiet) og Atle Faye (kommunikasjon), har drøfta mandatet og sorterer innspela under to bolkar:

- Plan 2016 (gjeldande plan) med prosessar vi ynskjer å styrke og vidareutvikle
- Plan 2025 (ny plan) om prosessar og innovasjon

I prosessen fram til vedtak om ny strategisk plan gjer vi framlegg at dei tre arbeidsgruppene møtast til spelovereffekt og for å drøfte emne som er løfta fram, overlappar eller har falt ut. Gruppe 2 kan hjelpe til med å organisere innhaldet i ei slik idémyldring.

----- Plan 2016: Prosessar vi ynskjer å styrke og vidareutvikle -----

Terminologi

Ta vare på den filosofisk-teoretiske tilnærminga og refleksjonen rundt ord, uttrykk, termar og prosessar som er i aktive eller ligg nede. Bruk av aktive verb og eit språk som forpliktar.

Samfunnsoppdraget

Vise endringsdugleik i høve til det som skjer i fagfelte og med aktiv deling av resultat frå forskning og eigen undervisning og praksis. Formidle kva kunstnarleg utvikling og forskning er og gjer.

Internasjonal samhandling

Systematisere kva former for internasjonal kontakt vi har, med kven og kor vi samarbeider, og tydeleggjere kvifor vi samarbeider og kva vi styrer mot.

Offentleg ordskifte

Utvikle større romslegheit for fagleg drøfting og trene og støtte fagpersonar til å delta i samfunnsdebatten. Formidle eksperiment, produksjonspraksis og pedagogisk praksis.

Samarbeid med arbeidsliv

Drøfte arbeidskulturar og om KHiO (med alle våre scener, verkstader og flotte rom) utdannar ungdom til det arbeidslivet dei faktisk møter. Reetablere Rådet for samarbeid med arbeidslivet (RSA). Utvide PPU til å omfatte alle fagområda. Analyse av rekruttering og om vi er studentanes førsteval.

----- Plan 2025 prosessar og innovasjon -----

Kunstforskning og kunstpolitikk

Legge til rette for KHiO som forskingsinstans og kulturpolitisk premissgjevar for politikkdanning og måten Noreg handterer sin kunstpolitikk på. Forske for å få meir kunnskap om kunstfagas positive påverknad på innovative arbeidsmiljø og verdiskaping.

Praktisk-estiske fag i utdanningsløpet

Utvikle KHiO til eit nav i dialogen mellom myndigheiter og fagmiljøa og påverke og styrke dei praktisk-estiske fagas status gjennom heile utdanningsløpet frå grunnskole, vidaregåande skole, forskolar og fram til fullført høgskoleutdanning og Phd.

Laboratorium og arena for fagleg knoppskyting

Internt drøfte fag i brytning, samordning av fora og prosessar vi allereie har, og om vi manglar forum for enkelte fagområde. Utvikle høgskolen som premissleverandør og møteplass for fagleg diskurs og erfaringsutveksling. Opne opp KHiO som utdanningsinstitusjon og laboratorium der eit sterkt og praksisnært fagmiljø med dyktige studentar møter myndigheiter, lokalmiljø (Grünerløkka) og kunstnarar og publikum tek del i den offentlege samtalen om kunst. Gjennomføre ei kartlegging av korleis lokala våre best kan tilretteleggast for å vere ein slik møtestad.

IT-bruk og kunst

Drøfte korleis bruken av IT-system som samhandlingsplattform påverkar kunsten, arbeidsformer, prosessar og formidling og *vice versa*.

Kommunikasjon som del av det kunstnarlege arbeidet – Art in the making

Drøfte kor viktig kommunikasjon, og å vere i samtale med samfunnet, er for å vere kunstnar i dag og korleis digitale plattformer, utdanninga og kunstnarskap påverkar kvarandre gjensidig og pregar samhandlinga ved høgskolen. Tydeleggjere kunstens eigenskap, kontinuerlege utvikling og eigenverdi som motkultur og motkraft, kva respekt for fleirstemtheit og ulike kunstsyn betyr for demokratiet, og kunstens rolle samfunnsutviklinga og for ei uavhengig og kritisk offentlegheit.

«Ingenting kan være internasjonalt som ikke først er lokalt»
Georg Johannesen